



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2018/959-2	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	19.09.2018

Referat frå møte i SMU - måndag 17.09.18

Desse møtte: Reidun Carol Retterholt, Frida Brække, Marit Madsen, Carina Olsen, Bjarne Reime, Marjan Wouts, Lars Brynjulv Nordbø, Hildegunn Rønningen, Stian A Lauvdal og Bjørn Leirvik

Reidun ynskte velkomen og leia møtet.

Saker:

Konstituering: Leiar: Bjarne Reime, Nestleiar: Marjan Wouts, Referent: Bjørn Leirvik

Info om SMU: Rektor informerte og delte ut rettleiar til nye medlem

Skulemiljøet, status: Rektor syner til gode resultat på dei siste elevundersøkingane, og elevane gir også elles uttrykk for god trivsel på skulen. Nokre gonger er det likevel konflikhtar mellom elevar. I møtet vert det trekt fram at det ikkje er unormalt.

Møteplan for året: Kvar tredje måndag i sept., nov., mars og mai.

Utdeling av årshjul: Årshjul vart delt ut i møtet. Samtale om bruken av sosiogram, kontaktlærer sitt ansvar to gonger i året.

Gjennomgang av plan og rutinar for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø:

Mal for aktivitetsplan delt ut. Rektor informerte om at skulen har aktivitetsplikt på ein annan måte enn tidlegare i saker som kjem inn under opplæringslova sin paragraf 9A. Borna skal både få uttale seg og verte høyrde, slik sett er lova skjerpa.

Gjennomgang av plan for brukarmedverknad: Rektor peika på at planen er moden for revisjon. De n inneheld fleire faktiske feil. I haust skal alle delta i brukarundersøking, der det må vere eit mål å auke deltakinga i høve til tidlegare. Likevel er deltakinga frivillig. Det kom fram i møtet at tidlegare så har også lærargruppa hatt låg svarprosent.

Korleis vil SMU arbeide med skulemiljøet: Reidun starta her med å stille spørsmålet: -Kva kan dette utvalet gjere for å arbeide med skulemiljøet? Foreldrerepresentant lufta ideen om fleire aktivitetar på tvers av klassene. Dette er prøva i nokon grad i kroppsøving. Vidare vart det litt samtale om bruken av ballbingen og deling mellom klassene. Elevrepresentant meinte kvaliteten på kunstgraset er dårleg, rektor lova å ta med saken vidare.

Skidag på Gautefall, i høve til gratisprinsipp, og tilbod om parallell aktivitet for dei som ikkje deltek/deltek i liten grad, vart også gjenstand for litt meiningautveksling. Nokre elevar vil veldig

gjærne i slalombakken, nokre vil vere ein del av fellesskapet i "varmestue"/restaurant, andre vil kanskje like gjærne vere på skulen. Elevrepresentant foreslo å spørje i klassene om kva elevane sjølve helst vil. Reidun ville kome tilbake til saka seinare, men gratis skal det vere, og helst utan å måtte bruke av elevrådet sine midlar.

Gjennomgang av ordensreglementet: Det vart litt samtale kring hærverk og elevar si erstatningsplikt. Umotiverte elevar gjer nokre gonger skade på inventar. Mangel på motivasjon. Kven sitt ansvar?

Informasjon om arbeidet med paviljongen (ungdomsskulen): Politikarane har bede om ei utgreiing, mange ting må belysast; solskjerming, luftkvalitet, generelt vedlikehald, lydisolering og kvalitet på grupperom m.m. Reidun peika på at større klasser vil kome opp, behov for større og fleire rom i nær framtid. Politisk representant beklaga at ikkje skulen sine samla behov kom fram i samband med utbygginga på småskulen. Reidun fekk støtte i møtet for å utfordre politikarane med "hårete" ambisjonar.

Ungdomsskuleprosjektet. Det har ikkje vore ungdomsskuleprosjekt sidan 2012. Den gong med ei større oppsetting for ei stort publikum. Drøfing med Leif Arild Sanden har starta. Det kan verte prosjekt dette skuleåret, rektor ser for seg treårig syklus. Dermed får alle elevane vere med på eit prosjekt i løpet av ungdomsskulen.

Referent,
Bjørn Leirvik

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.